



Utval: Formannskapet
Møtestad: Fitjar sjø og camping
Dato: 18.03.2009
Tid: 15:00 -18:30

Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Gisle Norvald Levåg	Fungerande ordførar	H
Wenche Tislevoll	Medlem	H
Agnar Aarskog	Medlem	AP
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP

Forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Harald Rydland	Ordførar	KRF

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Torstein Grimen, til kl. 18:00, var ikkje med under handsaming av sakene 21/09, 23/09 og 24/09	Harald Rydland	V

Andre som møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Angunn Bårdsen, i sak 22/09 frå kl. 1600 - 1700	Takstnemnda	SV
Roger Nesbø i sak 22/09 frå kl. 1600 - 1700	Takstnemnda	AP

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådman
Kristin Meland	Møtererferent
Tore Nesbø i sak 20/09	Drifteleiar
Leif Kåre Helland i sak PS 22/09	


Gisle Levåg
Fungerande ordførar


Kristin Meland

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 17/09	Godkjenning av protokoll	033
PS 18/09	Meldingssaker	033
PS 19/09	Ferjefri kyststamveg Stavanger-Bergen - Hordfast	Q13
PS 20/09	Tiltakspakken	150
PS 21/09	Budsjett 2009 - ymse korreksjonar og presiseringar	150
PS 22/09	Rammer for arbeidet med eigedomsskatt	150
PS 23/09	Komite for arbeidet med kommunen sitt 150-års jubileum.	C03
PS 24/09	Sal av tomt i Håkonar Næringspark	600
PS 25/09	Ymse	033

PS 17/09 Godkjenning av protokoll

Framlegg til vedtak:

Formannskapet godkjenner protokoll frå møtet 04.02.2009

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 18/09 Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Formannskapet tek meldingane til vitring.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Meldingssak nr. 1 – Administrasjonen trakk saka i møtet.

Meldingssak nr. 2

Utdelt i møte til sak 2.

Skriv vedk. Smedholmen friluftsområde – kystkultur, dat. 17.03.09

Rune Sandvik, representant i Friluftsrådet Vest og Kari Rydland frå Stord/Fitjar Landbruks- og miljøkontor var til stades i møte. Kari Rydland orienterte om kontakt med fylkesmannen.

Leigetilhøva og vidare drift av Smedholmen vart drøfta i møtet.

Meldingssak nr. 3

Kommuneplan. Rådmannen orienterte om byggesaker – det er mange på vent.

Har vært i kontakt med Austevoll kommune, det er mogleg å leige byggesakshandsamar derfra. Dette kjem ein attende til.

Meldingssak nr. 4

Mottak av flyktingar – formannskapet drøfta mottak av flyktingar. Saka om dette vert handsama i kommunestyret 1. april.

Meldingssak nr. 5 – Administrasjonen trakk sak nr. 5 i møtet.

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 19/09 Ferjefri kyststamveg Stavanger-Bergen - Hordfast

Framlegg til vedtak:

Fitjar kommune viser til Samarbeidsrådet for Sunnhordland sin samferdsleplan, og rapporten frå Econ, som begge går inn for ein ferjefri kyststamveg mellom Stavanger-Bergen. Ein ferjefri kyststamveg vil ha positiv verknad for konkurransekraft, transport, miljø og reiseliv.

Kommunen ser det som viktig at det vert sett i gang ein prosess med sikte på å avklara framtidig løysing og trase for ferjefri kyststamveg.

Hordaland fylkeskommune vert oppmoda om å treffa naudsynte vedtak for snarast å starta ein planprosess med sikte på å realisera ein ferjefri kyststamveg mellom Stavanger og Bergen.

Fitjar kommune ser det som naturleg at det i planprosessen også vert vurdert ein trase mellom Stord og Austevoll med tunnel og vidare med tunnel til Os. Dette er heilt klart den kortaste moglege trase mellom Bergen og Stavanger.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Vedtak: (Samrøystes)

Som framlegg.

PS 20/09 Tiltakspakken

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre legg fylgjande tiltak inn i tiltakspakken, i prioritert rekkefølje: Dersom einskilde av tiltaka ikkje kan gjennomførast som føresett, eller blir vesentleg dyrare, får formannskapet fullmakt til å endra tiltak innanfor den prioriterte lista.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Utdelt i møtet:

Brev fra Fitjar kyrkjelege fellesråd, dat. 16. mars 2009
Sak PS 05/09 frå Administrasjonsutvalet, 17. mars 2009

Representanten Agnar Aarskog (Ap) kom med framlegg om slik tilråding:

Vedlikehald skule	kr.	500.000,-
Vedlikehald FBB/havnahuset	kr.	300.000,-
Skiltoppsett/vegvedlikehold	kr.	500.000,-
Riving gamle brannstasjon, opprusting av område med ny tavle for plakat og beplanting, generell opprustning av sentrum (strandpromenaden)	kr.	500.000,-

Anna vedlikehald kr. 145.000,- *
*) bruka minst mogleg på barneskulen ved Rimbareid
*) vektlegg universell utforming

Røysting

Ved røysting fekk framlegg frå administrasjonen 0 røyster, framlegg frå Agnar Aarskog vart samrøystes vedteke og det ligg føre slik

Tilråding frå formannskapet 18.03.09: (Samrøystes)

Vedlikehald skule	kr.	500.000,-
Vedlikehald FBB/havnahuset	kr.	300.000,-
Skiltoppsett/vegvedlikehold	kr.	500.000,-
Riving gamle brannstasjon, opprusting av område med ny tavle for plakat og beplanting, generell opprustning av sentrum (strandpromenaden)	kr.	500.000,-
Anna vedlikehald	kr.	145.000,- *

*) bruka minst mogleg på barneskulen ved Rimbareid
*) vektlegg universell utforming

PS 21/09 Budsjett 2009 - ymse korreksjonar og presiseringar

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

1. Kommunestyret tek skrivet frå fylkesmannen dagsett 19 februar til orientering.
2. Kommunestyret godkjenner nye budsjettskjema 1A, 1B, 2A og 2B.
3. Kommunestyret tilbakefører (stryk) investeringar som vist i vedlegg 3.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Administrasjonen trakk saka i møtet.

Saka vert handsama på formannskapsmøte 1. april før kommunestyret.

Vedtak:

Det vart ikkje fatta vedtak i saka.

PS 22/09 Rammer for arbeidet med eigedomsskatt

Framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek dokumentet "Rammer for arbeidet med eigedomsskatt" som grunnlag for det vidare arbeidet med eigedomsskatt i kommunen.

Bustadhus, som ved kvar 1 januar i skatteåret er mindre eller inntil 5 år gamle, får fritak for halve eigedomsskatten.

Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å gjera mindre endringar i dokumentet.

Formannskapet, i samråd med takstnemnda, får fullmakt til å fastsetja faktorar og sjablontakstar for verdsetjinga.

Skattesatsen for 2009 for nærings eigedommar medrekna verk og bruk vert sett til 6 promille av takstgrunnlaget.

Eigedomsskatten skal ha forfall to gonger i året, i mai og september/oktober. For 2009 skal den generelle eigedomsskatten ha forfall 1 september og 15 november.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Utdelt i møtet:

Rammer for arbeidet med eidegdomsskatt.

Leif Kåre Helland frå administrasjonen orienterte om eidegdomsskatteprogrammet og bakgrunn for retningslinene.

Rådmannen orienterte om forslag til endring i § 6.2. i vedtektene.

Formannskapet drøfta saka og valte ikkje å gjera vedtak, men å ta saka som orienteringssak.

Vedtak: (Samrøystes)

Saka vert sendt til ny handsaming i ekstraordinært formannskap før kommunestyret 1. april.

PS 23/09 Komite for arbeidet med kommunen sitt 150-års jubileum.

Framlegg til vedtak:

Som medlemmer i jubileumsnemnda blir oppnemnt:

Nemnda skal innan 15.09.2009 leggja fram forslag til planar for feiringa.

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Representanten Gisle Levåg (H) har i samråd med kulturleiar kome fram til slikt framlegg til medlemmar i jubileumsnemnda.

1. Frå Fitjar kommune; ordføraren, leiar i nemnda
 2. Frå Næringslivet; Odd Sverre Larsen
 3. Frå sang- og musikklivet; Ole Kristian Ottestad
 4. Frå idretten; Elin Siglen
 5. Frå Kyrkja, Harald Johan Sandvik
- Sekretær Elise Aarbø

Vedtak: (Samrøystes – 4 røyster)

Som medlemmer i jubileumsnemnda vert oppnemnt:

1. Ordførar, leiar i nemnda
2. Odd Sverre Larsen
3. Ole Kristian Ottestad
4. Elin Siglen
5. Harald Johan Sandvik

Elise Aarbø vert oppnemnd som sekretær for nemnda.

Nemnda skal innan 15.09.2009 leggja fram forslag til planar for feiringa.

PS 24/09 Sal av tomt i Håkonar Næringspark

PS 25/09 Ymse

Framlegg til vedtak:

Behandling i Formannskapet - 18.03.2009:

Representanten Lars Ove Rimmereid (SP) hadde følgjande spørsmål:

"Det gjelder Fitjar Laks/Hellandsfjorden.

Denne saka har fått ein del mediaplass i det siste.

Det eg fyrst og fremst lurar på, er kva som er kommunen sitt ansvar i denne saka.

Kan ordførar/rådmann evt. andre orientera litt om ansvaret her.

- Kan kommunen bli politianmeldt?

- Har me som politikarar forsømt oss? har fått nokre spørsmål om kva me politikarar har gjort i denne saka.

- Har administrasjonen/SFLMK forsømt seg?

Håpar me kan få ei lita orientering."

Fungerande ordførar Gisle Levåg orienterte om at han er tilsett i Sjøtroll og uttaler seg ikkje i saka.

Rådmannen orienterte om kommunen sin uttale til konsesjon til utviding av anlegget.

Uttalen er gitt under forutsetning av at det skal vera lukka system. Fiskeridirektoratet gir konsesjon, fylkesmannen gir utsleppsløyve. Rådmannen kan ikkje orientere mer om saka.

Representanten tek kontakt med Stord/Fitjar Landbruks- og Miljøkontor for nærare orientering.

Rådmannen orienterte om;

1. Den økonomiske situasjon ved FKIB.

Sak om dette kjem opp på neste formannskapsmøte. Rådmannen sender brev til kraftlaget vedkomande økonomisk støtte til nedbetaling av gjeld.

2. Rådmannen har vore i kontakt med Austevoll kommune, vedkomande ressursar på byggesaksavdelinga. Austevoll har tilsett sakshandsamar som Fitjar kommune kan få leige. Austevoll kommune har og feiar som Fitjar kommune kan leiga, då Stord kommune har sagt opp avtalen Fitjar kommune med har Stord om feietenestene. Rådmannen tar kontakt med Austevoll.

3. Reguleringsplan Årskog industriområde.

Denne saka er stoppa då kraftlaget ber om at det føreliggjande forslaget ikkje vert fremja grunna konsekvensane for kraftlagseigedomen.

Fungerande ordførar Gisle Levåg (H) orienterte om;

1. Invitasjon frå Midt fjellet Vindpark til formannskapet. Orientering onsdag 25. mars på kraftlaget. Kraftlaget vil orientere om status for prosjektet etter møte med Enova.

2. Det ligg føre invitasjon frå Sylvi Sørfonn vedkomande orientering om Altino.

3. Utbygging Koløyholmen. Refererte brev frå Koløyholmen Eiendomsservice dat. 10.03.09 vedkomande spørsmål om støtte frå kommunen til eventuell ekspropiering.

Representanten Agnar Aarskog (AP) hadde følgjande:

1. Ynskje om orientering vedkomande seniorsenter til neste møte.

2. Det må vere meir orden i sakspapira.